

Sak til samarbeidsutvalet

Går til: Medlemmane i utvalet
Utval: Samarbeidsutval i Bergensregionen
Dato: 8. desember 2021
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld: Møteplan for samarbeidsutvala og andre fellesorgan i samarbeidsstrukturen 2022
Saksnr: 45/21

Bakgrunn

Samarbeidssekretariatet har utarbeidd forslag til møteplan 2022 for samarbeidsutvala og andre fellesorgan i samarbeidsstrukturen.

Vi har forsøkt å plassere møta i samarbeidsutvala så tett i tid som praktisk mogleg. Dersom samarbeidsutvalet endrar møtetidspunkt ber vi om at det vert endra så lite som mogleg i tid, og at det vert tatt omsyn til tidspunkta som er planlagt for dei andre samarbeidsutvala.

Det er også lagt til rette for at det skal vera om lag tre veker intervall mellom Administrativt kontaktmøte(AK) og møta i samarbeidsutvala.

Det pågår eit arbeid med å etablera helsefellesskap og utarbeiding av forslag til samhandlingstruktur og samarbeidsformer. Framlegg om endringar i samhandlingsstrukturen kan føra til at møteplanen for 2022 må endrast.

I forslag til møteplan for 2022 er det ikkje gjort endringar i tal møter i forhold tidlegare år.

Forslag til vedtak

Samarbeidsutvalet i Bergensregionen sluttar seg til forslag til møteplan for 2022.